

# Bustadplan 2024-2040

Ei utgreiing av nåtidas og framtidas bustadbehov



## Innhald

Innleiing .....	2
Føringar i arbeid med bustadplanlegging: .....	4
Utfordringar.....	6
Framskrivning .....	7
Bustader for eldre .....	8
Ordinære bustader tilrettelagde for eldre .....	9
Heimetenester og dagsenter for eldre .....	10
Omsorgsbustader for eldre med bemanning .....	10
Institusjon .....	11
Omsorgsbustader for innbyggjarar med nedsett funksjonsevne.....	13
Foreldreinitiativ .....	14
Avlasting- og barnebustad .....	14
Bustadar for innbyggjarar med psykisk helse- og/eller rus utfordringar .....	16
Kommunale bustadar .....	18

## Innleiing

Bustadplan 2020- 2040 er blitt revidert. Sidan Bustadplan 2020- 2040 blei vedteke er det kome nye behov knytt til politiske føringar og demografi som har gitt endring i bustad og institusjonsbehov, noko som gjer at planen har ein del endringar etter revidering.

Bustadplan 2024- 2040 handlar om kommunen sine noverande og framtidige bustadar. Planen er ein integrert del av det årlege økonomiplanarbeidet og den skal evaluerast kvart fjerde år.

Det er ein overordna strategi for det bustadsosiale arbeidet i Time kommune at «alle skal bu trygt og godt». For å følge opp Time kommune sin visjon «Trygg og framtidsretta», har Time kommune greidd ut nåtidas og framtidens behov for institusjonsplassar, omsorgsbustader med og utan døgnbemanning og andre kommunale bustader. Dette for å sikra at ressursar til bustadar vert brukte på best mogleg måte og i takt med behova i befolkninga.

Time kommune har valt sju av FN sine berekraftsmål som satsingsområde i kommuneplan 2022-2034.



Måla om god helse og livskvalitet, berekraftige byar og lokalsamfunn og samarbeid for å nå måla skal koplust til Bustadplan 2024- 2040.



Kommunen si rolle som tilretteleggjar og dei tiltak som vert gjort for å sikra at flest mogleg innbyggjarar kan eiga sin eigen bustad, vert behandla i samfunnsdelen til Kommuneplan 2022-2034, og fagnotat som er knytt til denne.


Innbyggerane i kommunen har i utgangspunktet sjølv ansvar for å skaffa sin eigen bustad. Kommunen skal leggja til rette slik at den enkelte innbygger kan meistra kvardagen på eiga hand så langt som råd er.

Kommunen har ansvar for å hjelpa innbyggjarar med bustad dersom dei ikkje kan bu i eigen bustad, eller ikkje kan klara å skaffa seg bustad på eiga hand. Ansvar til kommunen for å hjelpa vanskelegstilte på bustadmarknaden blei meir tydeleggjort gjennom den nye bustadsosiale lova som trådte i kraft 1 . juli 2023.

Kommunen skal ha særleg merksemd med:

- Barn og unge
- Innbyggjarar med varig nedsett funksjonsevne
- Innbyggjarar med psykisk helse- og/eller rusutfordringar, (innbyggjarar utan bustad)
- Eldre med behov for omsorgsbustad med bemanning eller institusjonsplasser

## Bustadtrapp



## Føringar i arbeid med bustadplanlegging

- Leggja til rette for utbygging av bustadar som er godt eigna for eldre i lokalsentera
- Leggja til rette for at for flest mogleg innbyggjarar sjølv kan skaffa seg bustad
- Nyttja Husbanken sine ordningar, som startlån og tilskot til innbyggjarar som har vanskar med å koma inn på bustadmarknaden
- Kommunen skal ha nok kommunale bustader med hensiktsmessig størrelse og plassering
- Sikra fleksibilitet i forhold til kjøp og sal av kommunale bustader
- Ha nok dagsenter og avlastningstilbod slik at flest mogleg kan bu lengst mogleg i eigen heime
- Planlegga for rett mengde bufellesskap, omsorgsbustader og institusjonsplassar
- Nye omsorgsbustadar og institusjonsplassar må byggast slik at dei kan driftast ressurseffektivt og all tilgjengeleg teknologi tas i bruk

Innan 2035 vil talet på innbyggjarar over 67 år auka med 50 prosent og talet på innbyggjarar over 80 år vil dobla seg.

Delen av eldre innbyggjarar over 80 år som bur heime utan behov for kommunale pleie og omsorgstenester, er høgare enn før.

Behovet for korttidsplassar i institusjon har auka og det er ei trend som truleg vil fortsetta. Moderne medisinsk behandling gjer moglegheiter til å behandla fleire sjukdomstilstandar enn før og behandlingar krev kortare liggetid i sjukehus. Pasientane vert no tidleg overført til kommunane for oppfølging av behandling. Når nye Stavanger universitetssjukehus står ferdig i 2025 er det plan for at fleire pasientar skal få dagbehandling. Det vil krevja at kommunen har fleire korttidsplassar tilgjengeleg for vidare behandling.

Skal kommunen imøtekoma og ivareta innbyggjarane sine behov for tenester fram mot 2040, er ein av utfordringane å dimensjonera tenestene kostnadseffektivt. Kommunen må ha rett bustadmasse og nok ressursar på dei ulike trinna i tenestetrappa for å kunna levera rett teneste til rett tid.

## Tenestetrappa



Då Bustadplan 2020- 2040 vert utarbeidd vart det arrangert kafèdialog med politikarar, tillitsvalde, pårørande, frivillige lag og organisasjonar. Resultatet frå desse møta har vore viktig for innhaldet i bustadplanen. Utfordringar og forslag til tiltak vert drøfta her.

I forbindelse med revisjon av Bustadplan 2020- 2040 vert det gjennomført kafèdialog med politikarar, leiarar og tillitsvalde i mai 2023. På grunn av dei demografisk endringane som kjem fram mot år 2040 var hovudtema framskrivingar og utfordringsbildet, med spesielt fokus på omsorgsbustadar med heildøgns bemanning og institusjonsplassar for eldre.

Deltakarane kom med innspel og forslag til konkrete tiltak som er tatt inn i revisjonen av planen.



## Utfordringar

- Det bør byggast omsorgsbustader og bukollektiv spesielt tilrettelagt for personar med demens
- Det er behov for å auka talet på institusjonsplassar
- I nye omsorgsbustadar og institusjonsplassar må det leggjast til rette for å kunne ta i bruk tilgjengeleg velferdsteknologi
- Det er behov for å utbetra institusjonsplassane kommunen har, slik at dei vert tilpassa dagens drift og behovet for å nytta velferdsteknologi.
- Kommunen har for få bustader som er tilpassa innbyggjarar med psykisk helse- og rusutfordringar
- Det er mangel på midlertidige bustadar og overgangsbustadar
- Nokre av bustadane som er bygd for bruk til innbyggjarar med nedsett funksjonsevne, er ikkje tilrettelagt for bruk av velferdsteknologi og har ikkje personalbasar som tilfredstillar behova.
- Det er behov for nye omsorgsbustader for ungdommar med varig nedsett funksjonsevne som treng tenester heile livet
- Det er manglande kapasitet for avlastning for barn og unge på Kvernaland avlastningsbustad
- For å sikra ein berekraftig økonomi må nye bustadar plasserast slik at tilsette kan arbeida på tvers av tenester, slik at driftsutgiftene vert lågast mogleg
- Lokala som vert nytta til dagsenter for eldre og for personar med demens er ikkje godt eigna for formålet, eller for å auka opp med tilbod til fleire.
- Mangel på arbeidskraft og kompetanse på grunn av at det blir færre i yrkesaktiv alder



## Framskriving

I Noreg bur det i dag i følgje SSB sine tal, 893 994 innbyggjarar som er over 67 år og det er forventa at det i 2040 er 1 306 796 innbyggjarar over 67 år.

Pr. 31.12. 2022 var det 2 675 innbyggjarar i Time kommune over 67 år, og det er venta at talet vil auka til 4 175 innbyggjarar over 67 år i 2035.

Alder	Pr. 31.12 2022	Framskriving				Auke i % 2022-2027	Auke i % 2022-2035
		2023	2027	2031	2035		
0-2 år	706	718	709	729	755	0,4 %	6,9 %
3-5 år	752	728	749	770	794	-0,5 %	5,6 %
6-12 år	1 997	1 962	1 893	1 892	1 934	-5,2 %	-3,1 %
13-15 år	870	902	873	861	855	0,4 %	-1,7 %
<b>Sum 0-15 år</b>	<b>4 325</b>	<b>4 310</b>	<b>4 224</b>	<b>4 252</b>	<b>4 338</b>	<b>-2,3 %</b>	<b>0,3 %</b>
16-19 år	977	1 034	1 206	1 157	1 151	23,4 %	17,8 %
20-66 år	11 804	11 840	12 244	12 868	13 311	3,7 %	12,8 %
<b>Sum 16-66 år</b>	<b>12 781</b>	<b>12 874</b>	<b>13 450</b>	<b>14 026</b>	<b>14 462</b>	<b>5,2 %</b>	<b>13,2 %</b>
67-79 år	1 943	2 039	2 317	2 508	2 707	19,2 %	39,3 %
80-89 år	600	627	803	1 008	1 207	33,8 %	101,1 %
90 år og over	132	139	172	191	262	30,4 %	98,4 %
<b>Sum 67 år +</b>	<b>2 675</b>	<b>2 805</b>	<b>3 292</b>	<b>3 708</b>	<b>4 175</b>	<b>23,1 %</b>	<b>56,1 %</b>
<b>Sum</b>	<b>19 781</b>	<b>19 990</b>	<b>20 966</b>	<b>21 985</b>	<b>22 975</b>	<b>6,0 %</b>	<b>16,1 %</b>

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)






## Bustader for eldre

Dei seinare åra har utviklinga gått i retning av at eldre får eit godt tenestetilbod i eigen heim, noko som gjer at eldre bur lenger heime.

Dekningsgrad i institusjon og omsorgsbustadar med bemanning er talet på plassar fordelt på innbyggjar over 80 år. Dekningsgrada samla i institusjon og omsorgsbustadar med bemanning for innbyggjarar over 80 år, var i 2013 på 20,6 % i Time kommune. I dag er dekningsgrada på 18,2 %.

Institusjonsplassar i sjukeheim er eit tenestetilbod som blir nytta til eldre innbyggjarar med omfattande behov for helsehjelp, eller for innbyggjarar som er i den siste fasen av livet.




Time kommune sin andel sjukeheimsplassar per innbyggjar over 80 år, samanlikna med omkringliggende kommunar.

Time kommune planlegg for at dekningsgrad i institusjon blir sett i samanheng med omsorgsbustadar med heildøgns bemanning fram mot 2040, og at den samla dekningsgraden skal vera på omlag 18 %.

Omsorgsbustadar med heildøgns bemanning krev i dag omlag halvparten av bemanninga som er i institusjon.

Dersom kommunen bygg opp eit tenestetilbod som utset behov for å bu på institusjon, sikrar kommunen at innbyggjarane kan bu lenger heime, og det vert samtidig lagt til rette for ei meir berekraftig teneste.



Behovet for institusjon og omsorgsbustadar med heildøgnbemanning fram mot 2024. Målsettinga er å ha ei samla dekningsgrad på om lag 18% for innbyggjarar over 80 år.

Dersom kommunen bygg fleire omsorgsbustadar eller institusjonsplassar enn det er behov for, vil ikkje plassane bli tatt i bruk. Bustadane vil verta bemanna i tråd med tenestebehova for å sikra ei ressurseffektiv drift.

Det er ei auke i behovet for tenester for innbyggjarar med demens. Basert på tall i frå WHO er det om lag 100 000 personar som lever med demens i Norge i dag.

I Demenskartet – Aldring og helse er det registrert at det var 281 innbyggjarar med demens diagnose i Time kommune i 2020, og det er forventa at talet aukar til 429 innbyggjarar i 2030. Nye omsorgsbustadar og institusjonsplassar bør vera tilrettelagt for personar med demenssjukdom.

### Ordinære bustader tilrettelagde for eldre

Plan og bygningslova sikrar at nye bustadar blir bygd universelt utforma. Det gjer at bustadane er eigna for personar med funksjonsnedsettingar.

Kommunen kan leggja føringar i regulerings- og planvedtak om at bustader skal vera spesielt tilrettelagde for eldre, jmf fagnotat tilhøyrande samfunnsdelen i Kommuneplan 2022- 2034. Fleire eldre ynsker å bu nær sentrum, det må difor leggast til rette for at dei kan bu i eigne bustadar i lokalsentera i kommunen.

Lokalsentera bør utviklast til "5-minutters tettstadar", der innbyggjar kan gå til dei fleste kvardagstenester og aktivitetar. Det bidreg til trygge bu miljø og at fleire kan klara å bu sjølvstendig. Det sikrar sosiale treffpunkt, lett tilgang til tenester og lite behov for transport.

Det reduserer tenestebehov og gjer at kommunen kan gje kostnadseffektive helse- og omsorgstenester ( Agenda Kaupang, Boligbehov for eldre innbyggere frem mot 2040 ).

## **Heimetenester og dagsenter for eldre**

For å kunna ta i vare innbyggjarane sine behov for helse- og velferdstenester på eit lågast mogleg tenestnivå må kommunen organisere tenestene godt og ha rett kompetanse. Kommunen planlegg for å bygga ut heimetenestene og implementera meir teknologi for å effektivisera tenestene, for å møte ei tid med mindre tilgjengeleg arbeidskraft.

Dagsenter og avlastingstilbod er viktige tenester for at pårørande skal klara stå i store omsorgsoppgåver over tid, og at den eldre kan få bu heime.

Kommunen manglar eigna lokalar for å kunna utvida tilbodet på dagsenter, og då særleg tilbod for innbyggjarar med demens.

## **Omsorgsbustader for eldre med bemanning**

Time kommune har 24 omsorgsbustader med døgnbemanning på Kvernaland og 15 omsorgsbustader med moglegheit for døgnbemanning på Sivdamsenteret.

I 2023 har kommunen ventelister til omsorgsbustadar med heildøgnbemanning.

Utgreiing av vidare utbygging ved Kvernaland omsorgssenter startar i 2024, med mål om å bygga minst 24 nye omsorgsbustadar i 2026. Bustadane vil bli tekne i bruk etter behov. Omsorgsbustadane kan planleggast som bufellesskap for personar med demens. I utgreiingsarbeidet vil kommunedirektøren vurdere moglegheiter for å flytta helsestasjonen ut av Kvernaland omsorgssenter for å kunna nytta det arealet til dagsenter for eldre.

Kommunedirektøren planlegg i tillegg for å bygga 64 nye omsorgsbustadar for eldre i perioden fram mot 2040. Vurderinga er gjort med bakgrunn i auken i talet på eldre og behov for tenester.

Omsorgsbustadene på Sivdamsenteret treng oppgradering. Bustadane har små bad, det er ikkje tilpassa for innbyggjarar med store helseutfordringar. Det vert bygd eit nytt bad i 2023 og eit i 2024. Denne ombygginga vil gjera det mogleg å bu i bustadane med meir omfattande helseutfordringar.

Alle omsorgsbustader er bemanna for å kunna gje eit forsvarleg tilbod til bebuarane. Det er mogleg å kunna bemanna opp og ned etter behov, og nytta tilsette på tvers av avdelingar.

Kommunen vil sjå på moglegheit for samarbeid med private til bygging av framtidige bustadar for eldre. Dette for å sikra at det vert bygd nok bustadar tilpassa eldre i lokalsentera i kommunen.

### Utbyggingsplan for omsorgsbustader for eldre med bemanning:

Prioritet	Årstal	Kva skal byggast/byggast om	Tal
1	2024	Bygga et nytt bad i omsorgsbustadane på Sivadamsenteret	
2	2026	Bygga 24 nye omsorgsbustadar/ bufelleskap på Kvernaland. (3 x 8 plassar). Trinnvis opning av plassane.	24
3.	2032	Bygga 24 omsorgsbustadar på Bryne.	24
4.	2035	Bygga 20 nye omsorgsbustadar på Bryne.	20
5.	2039	Bygga 20 nye omsorgsbustadar på Bryne	20

### Utbyggingsplan for dagsenterplassar

Prioritet	Årstal	Dagsenterplassar	Tal
1.	2026	Auka kapasiteten for dagsenter på Kvernaland omsorgssenter	10 - 15
2.	2028	Auka kapasitet for dagsenter på Bryne for menneske med demens	10- 15
3.	2032	Bygga ut dagsenter for menneske med demens i forbindelse med bygging av 24 omsorgsbustadar på Bryne.	15 - 20
3.	2035	Bygga ut dagsenter for menneske med demens i forbindelse med bygging av 24 omsorgsbustadar på Bryne.	15-20



## Institusjon

Kommunen har 99 institusjonsplassar som er fordelt på Bryneheimen og Sivadamheimen. Det er 79 langtidsplassar og 20 korttidsplassar. Det er fire dobbeltrom som kan nyttast til sambuarar og ektepar. Når det skal byggast nye institusjonsplassar må det vurderast om det er behov for fleire rom for sambuarar/ ektepar, eller om fire rom er nok.

Begge institusjonane er bygd for andre føresetnader enn det som er i institusjon i dag. Det vil difor krevjast utbetringar for å kunna nytta bygga optimalt i framtida. Innbyggjarar som bur fast på institusjon har store pleiebehov, og fleire treng hjelpemiddel som krev mykje plass. Det er og ei utfordring at bygga ikkje er lagt til rette for bruk av ny teknologi. På Bryneheimen er det gjort utbetringar i ei avdeling for å tilpassa avdelinga til bruk for personar med demens sjukdom. Fleire avdelingar bør utbetrast etter kvart.

Det er behov for å bygga nye institusjonsplassar, både korttids- og langtidsplassar. I kafedialogen med politikarar, leiarar og tillitsvalde fekk kommunedirektøren fleire innspel til vidare arbeid. Politikarane gav signal om å greia ut moglegheitene for utviding av Sivdamheimen, og området rundt Sivdamsenteret. Det er hensiktsmessig å bygga nye institusjonsplassar der kommunen allereie har institusjonsplassar. Kompetanse og ressursar vil då kunna nyttast på tvers, og det vil fremma rekruttering. Det er attraktivt å arbeida i større fagmiljø.

Alle nye institusjonsplassar må utformast slik at dei kan nyttast fleksibelt. Plassane må vera tilpassa fleire brukargrupper, og dei fysiske utformingane må kunna endrast slik at avdelingar kan gjerast større og mindre etter behov.

Arbeid med å utgreia nye institusjonsplassar vil starta i 2024.

#### Utbyggingsplan for institusjonsplassar

Prioritet	Årstal	Kva skal opnast/byggast	Tal
1.	2024	Bygga om, utvida med 4 plassar på Sivdamheimen	4
2.	2028	Trinnvis påbygging av Sivdamheimen 24 plassar, trinnvis opning.	24
3.	2030	Trinnvis påbygging av Sivdamheimen/ Sivdamsenteret 24 plassar , trinnvis opning	24
4.	2033	Trinnvis påbygging av Sivdamheimen/ Sivdamsenteret 24 plassar , trinnvis opning	24
5.	2036	Trinnvis påbygging av Sivdamheimen/ Sivdamsenteret 24 plassar , trinnvis opning	24

Utrekninga av behov for nye omsorgsbustadar og institusjonsplassar er bygd på dei føresetnadane som ligg føre i dag.

Det kan koma medisinske framsteg som til dømes i behandlinga av demens som kan endra føresetnadane. Bustadplan 2024- 2040 vil vera ein del av det årlege arbeidet med økonomiplan, endringar vil då bli innarbeidd i planarbeidet.



## Omsorgsbustader for innbyggjarar med nedsett funksjonsevne

Personar med nedsett funksjonsevne er ei samansett gruppe med ulike utfordringar og behov. Innbyggjarar med nedsett funksjonsevne skal på lik linje med andre innbyggjarar kunne velje kor og korleis dei skal bu. (FN-konvensjonen, CRPD)

Det er ei auke i talet på innbyggjarar som har behov for heildøgntenester gjennom heile livet. Det skuldast blant anna utviklinga i medisinske metodar i helse- og behandlingstilbodet.

I Norge var levealderen for menneske med kognitiv funksjonsnedsetting 35 år, i 1982. For barn med kognitiv svikt som er født i 2020 er levealderen berekna til 84 år, men variasjonen er stor (Statistisk sentralbyrå). Fleire vil nå same levealder som befolkninga elles. Det må difor planleggast for ei auke i behov for bustader med bemanning for denne målgruppa. Det er og ei auke i behov for bustader for barn med store hjelpebehov og behov for avlastning.

Ansvarsreforma ga i si tid klare føringar for bygging av bustader til innbyggjarar som skulle flyttast frå sentralinstitusjonar, og ut i kommunane. Det var krav om sjølvstendige bustader, berre eit fåtal bustader skulle samlokaliseras. Areal for bruk til tilsette i bustadane skulle avgrensast for å unngå at det vart bygd nye institusjonar. Derfor er fleire av bustadene som er bygd, ikkje lagt til rette for dei tenestene som det er behov for. Bustadane er ikkje bygd med fellesareal og manglar difor moglegheiter for felles aktivitetar. Det har vist seg at fleire ynskjer for å ha sosialt lag med andre.

Bufellesskap med seks til ti bueiningar med fellesareal er meir kostnadseffektive å drifta, enn å yta tenester til innbyggjarar som bur i bustader spreidde i fleire buområde. Det gjev ei meir robust drift, betre fagleg innhald, fleksibel og effektiv disponering av tilsette. Ei slik organisering legg og til rette for at fleire tilsette kan få heil stilling, noko som gjer betre kvalitet i tenestene.

Røyrvika bur fleire innbyggjarar med store tenestebehov. Høg grad av bemanning gjer at det er behov for større plass til personalet. Desse bustadane har behov for renovering.

**Tabellen viser oversikt over tal på bustadar med heildøgnbemanning og plassering:**

Sted	Navn	Type bustad	Tal på bustader	Personalbase
Bryne	Kringlemyr	Samlokalisert med dag/kveld bemanning	5	Ja
Bryne	Linevegen	Samlokalisert med dag/kveld bemanning	5	Nei
Bryne	Vardheia	Samlokalisert med heildøgnbemanning	6	Ja
Bryne	Røyrvika	Samlokalisert med heildøgnbemanning	22	Ja
Kvernaland	Holmebakken	Samlokalisert med heildøgnbemanning	6	Ja
Kvernaland	Foren Burettslag	Bufellesskap med heildøgnbemanning	7	Ja
<b>Sum bustader</b>			51	

## Foreldreinitiativ

Det er lagt plan for to nye foreldreinitiativ etter modell av Foren burettslag på Kvernaland.

På Svertingstad vert det bygd seks nye bustader i foreldreinitiativ samlokalisert med fire kommunale bustader. Det vert felles personalbase og eit felles opphaldsrom der personalet kan legge til rette for felles aktivitetar.

Fire innbyggjarar som i dag bur i omsorgsbustadane i Varheia vil då flytta til Svertingstad. Det er lagt plan for oppstart av byggearbeid i starten av 2024, og innflytting i mars 2025.

Bustadane i Varheia vil då bli nytta som bustadar til innbyggjarar med lettare psykiske vanskar som treng bu oppfølging og trygge rammer.

På Kvernaland er det lagt plan om å byggja fire/ fem bustader i foreldreinitiativ samlokalisert med fire/ fem barne- og ungdomsbustader og avlastning. Det er planlagt at bustadane skal stå ferdig i slutten av 2025.

## Avlasting– og barnebustad

Kvernaland avlastning- og barnebustad har åtte plassar som vert nytta til avlastning, barnebustad og tilrettelagt tilbod før og etter skuletid (TAT). Det er planlagt å byggja ny ATO avdeling ( Alternativ tilrettelagd opplæring) på paviljongen ved Lye skule, den vert opna august 2025. Då vil TAT bli overført til ATO avdelinga og frigjera plass og

kapasitet i Kvernaland avlastning- og barnebustad. I tillegg vil barna få færre tilsette å forhalda seg til.

Kommunen har ansvar for barn som treng å bu fast i barnebustad.

Kvernaland avlastning kan gje tilbod om døgnavlastning for sju barn/unge om gongen. Det er i dag 29 barn som får tilbod om avlastning.

Avlastning er viktig for at familiar skal klarar å handtera kvardagen og kunna ha ungene sine buande heime lengst mogleg. Familiar med særleg tyngande omsorgsarbeid har behov for fleire avlastningsdøgn.

Det skal byggast nye barnebustadar og bustadar for bruk til avlastning i tilknytning til nytt foreldreinitiativ på Kvernaland. Kvernaland barne og avlastningsbustad vil då kunna nyttas til avlastning, med åtte plassar. Det vil gje moglegheit for meir fleksible bustadløysingar for barn og unge som treng barnebustad og avlastning, og for unge som treng bu trening. At bustadane ligg i tilknytning til foreldreinitiativ gjer at samdriftsfordelane blir oppretthaldt.

Barnevernet og teneste- og samordningskontoret har gjeve signal om at det kan verta behov for nye barnebustader. Nye bustadar for barn og unge på Kvernaland vil og kunna nyttast til dette formålet.

#### **Utbyggingsplan for bustadar til innbyggjarar med varig nedsett funksjonsevne**

<b>Prioritet</b>	<b>Årstal</b>	<b>Kva skal byggast/byggast om?</b>	<b>Tal</b>
<b>1.</b>	2025	8 – 10 Barnebustad/ bustadar for ungdom på Kvernaland samlokalisert med 5 bustadar i eit foreldreinitiativ(dette vil gje auke på avlastingsplassar)	8-10
<b>2.</b>	2024	Røyrvika – Laga felleslokale for bebuarar og laga betre tilrettelagde lokale for personalet	-1
<b>3.</b>	2025	10 bustader, 6 foreldreinitiativ og 4 kommunale bustadar for tenestemottakarar med store hjelpebehov på Svertingstad	10(6+4)
<b>5.</b>	2030	6 - 8 bustadar på Bryne	6-8
<b>6.</b>	2035	6- 8 bustadar på Bryne	6- 8





## **Bustadar for innbyggjarar med psykisk helse- og/eller rus utfordringar**

Time kommune manglar bustadar til innbyggjarar med psykisk helse og/eller rus utfordringar.

Kolheia bufellesskap består av fire bustadar med felles opphaldsrom og er for innbyggjarar med alvorleg psykisk helse utfordring. Bufellesskapet har bemanning på dag- og kveld. Kolheia bufellesskap skal utvidast med tre bustadar og større personalbase. Det er planlagt at byggearbeidet skal starta opp i fyrste del av 2024 og at dei nye plassane kan takast i bruk i mars 2025.

Det er auke i talet på innbyggjarar med langvarige innleggingar i spesialisthelsetenesta som har behov for å bu i bemanna kommunal bustad. Kommunen kjøper i dag fleire eksterne heildøgntenester for personar med alvorleg psykisk lidning. Kommunedirektøren planlegg for at nokre av desse innbyggjarane kan få tenester i kommunen når Kolheia bufellesskap vert utbygd og Vardheia vert ledig.

Svertingstad bufellesskap er eit heildøgntilbod med ni bueiningar for innbyggjarar med alvorlege psykisk helse- og rus utfordringar. Bygget ligg i eit ordinært bustadområde, og er eit godt eigna bygg for bebruarane og tilsette.

Vestbygget ved Bryneheimen har blitt bygd om til eit bufellesskap med tre bustadar som har felles kjøkken og stue. Bufellesskapet er utforma slik at innbyggjarane kan nytta velferdsteknologi. Det er planlagt for bruk til eldre innbyggjarar med psykisk helse og/eller rusvanskar. Det er lagt plan for å ta bufellesskapet i bruk i januar 2024. Kommunen har behov for bustadar som er godt tilrettelagt for å kunna gje gode rammer og struktur for ungdommar med lettare kognitiv svikt, utfordrande åtferd og manglande bu evne. Det er ei utfordring å finna eigna tomter for dette formålet.

Time kommune har ikkje hatt innbyggjarar som har vore utan fast bustad på fleire år, men tal frå Bustadutvalet dei siste to åra visar ei negativ utvikling.

Kommunen har behov for nye bustadar til innbyggjarar med rusvanskar som har dårleg bu evne. Det er behov for å bygga nokre småhus som ligg utanfor eit ordinært bustadområde, men sentrumsnært, slik at offentleg kommunikasjon, helse- og servicetenester er i nærleiken.

Det er krevjande å finna eigna tomter for dette, utan at det skapar uro frå nærområda.

I økonomiplan for 2024-2027 er det lagt plan for å bygga to småhus i nærleiken av sentrum, som skal vera midlertidige.

I forbindelse med utgreiing av nye institusjonsplassar i området ved Sivdamheimen vil kommunen arbeida for å finna ei permanent løysing for desse bustadane.

Kommunen har kjøpt ei tomt på Re for å bygge små hus. Det er lagt plan for at dei fyrste bustadane kan takast i bruk i 2027.

#### Utbyggingsplan for bustadar til innbyggjarar med psykisk helse/ rus utfordringar

Prioritet	Årstal	Bustadtype	Tal på bustader
1.	2024	Bygga småhus i nærleiken av sentrum - for menneske med alvorleg rusproblematikk med tett oppfølging.	2
2.	2025	Utvida Kolheia -bustader med bemanning for menneske med alvorlig psykiske vanskar.	3
4.	2027	Bygga små hus for personar med alvorleg rusproblematikk på Re. Utan fast bemanning til stades, men med tett oppfølging	4
6.	2024-2027	Kjøpa mindre bueiningar i ordinære bustadområde. Innbyggjarar som er i betring eller har ein lågare grad av psykiske vanskar.	4
7.	2025	Ta i bruk fleire bustader for unge vaksne med lettare psykiske vanskar (Vardheia)	6
8.	2025	Bustader med bemanning for unge vaksne med åtferdsproblematikk og låg buevne, grenseoppgangen barnevern/omsorg	2
9.	2029	Bustader med bemanning for unge vaksne med åtferdsproblematikk og låg buevne.	2

## Kommunale bustadar

Kommunen har 123 kommunale bustadar. Dette er bustader som ikkje er bufellesskap eller bustader med personalbase. De fleste bustadene er lokaliserte i Bryne. Resten av bustadene ligg på Lye, Undheim og Kvernaland.

Bustadene vert tildelte av eit administrativt samarbeidsutval (bustadutvalet). Dei behandlar søknader, kartlegg, tek omsyn til plassering (naboskap), kva som er ledig og arbeidar for å finna gode løysingar.

Dei ulike bustadene er ikkje avsett til innbyggjarar med bestemte utfordringar, det gjer tildelinga meir fleksibel og mindre stigmatiserande.

Svingingar i bustadmarknaden gjer det vanskeleg å ha rett mengde og storleik på kommunale bustadar til ei kvar tid. Det er eit mål og kunna handtera svingingane i marknaden fleksibelt. Det er vanskeleg i situasjonar med store endringar, slik som nå med krig i Ukraina, kor det er mange flyktningar som treng bustad samtidig.

Behovet for bustadar til flyktningar vil alltid variera, alt etter kva for nokre flyktningar som IMDI tildeler kommunen. Kommunen har leigd 57 bustadar for å kunna tildela bustad til flyktningar frå Ukraina. Det er kostbart å leiga bustadar, det krev mykje vedlikehald og ressursar når leigeforholda vert avslutta.

Målet er at innbyggjarane i kommunen skal eiga eller leiga privat bustad.

Auka levekostnadar har ført til at fleire innbyggjarar har fått vanskar med å kjøpa eigen bustad, og at fleire difor må ut på leigemarknaden. Dette har gitt auka leigeprisar.

Fleire innbyggjarar treng hjelp frå kommunen med å skaffa seg bustad. Av dei som må leiga bustad må nokre ha hjelp til husleige. NAV deltek i bustadutvalet med å finna fleksible løysingar. Kommunen har spesielt merksemd på barn og unge i låg inntektsfamiliar i dette arbeidet.

Fleire leigetakarar av kommunale bustadar har ikkje bil, og er avhengig av offentleg transport. Kommunen må ta omsyn til det ved kjøp og sal av utleigebustader.

Kommunen har fått ei eiga stilling som miljøvaktmeister.

Miljøvaktmeisteren hjelper leigetakarar i kommunale bustadar med enkle vedlikehaldsoppgåver og praktisk bu rettleiing. Dette er eit tiltak som sikrar gode og trygge bumiljø.